

Herøy Frivilligsentral, årsmelding 2021.

Tenester og oppgaver i avdelinga

Frivilligsentralen skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å mota slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi. Overføring frå staten via «Grønt hefte». Det er ikkje lenger krav frå staten om rapportering, vedtekter eller styre for utbetaling av statstøtte.

I tillegg har vi fått tilskot frå Tryg kr. 4 500,- til drift av Natteravnane.

Intern overføring frå helseavdelinga på kr. 65 000,- til dekking av utgifter middagsombringning.

Rekneskapet på Frivilligsentralen, ansvarsnummer 4021, pr. 19.01.21 syner eit overskot på 76 820,-.

Den kulturelle spaserstokken, ansvarsnummer 4015, har nytta kr. 52 974,-.

Herøy kommune fekk tildelt kr 87 951,- for bruk i 2020. Det er ikkje lyst ut midlar frå fylkeskommunen dette året.

Organisasjon. Eigar: Herøy kommune, Kulturavdelinga, ved Petter Ole Kopperstad. Styret: Sigurd Nygard - leiar. Karl Anders Brendmo - nestleiar. Solfrid Hageman, Sylvi Lillebø og Magne Nærø - styremedlemmer.

Tilsette: Dagleg leiar: Britt Paulsen.

Koordinator, vikariat: Monica Torvik Stokset 11.01.21 – 10.06.21

Årsmøte: Det er ikkje avvikla årsmøte grunna fråfall av krav om det for utbetaling av tilskot.

Møter: Den kulturelle spaserstokken 2 møter, nettverksamling 3, Leiarmøter kulturavdelinga 11, verdensdagen for psykisk helse 5, Tv-aksjon komitémøter 7, medarbeidersamtale 1, styremøter 2, personalmøte kulturhuset 1, samarbeidsmøte pleie – og omsorg 1, samarbeidsmøte rus og psykiatri 1, samarbeidsmøte flyktingtenesta og kvalifiseringssenteret 2, «stikk-ut» møter 2, brannvern 2 møter og eit arrangement, organisasjonsutvikling 3 samlingar, BUA samhandlingsmøter, samarbeidsmøte helsestasjonen 2, nettverksmøte den kulturelle spaserstokken i regi av fylkeskommunen 1, Norges frivilligsentraler frukostmøter web 5, styremøte natteravn 1.

Kurs og konferanser: webinar aldersvennleg samfunn, webinar hvordan styrke samarbeid mellom frivillige og offentlig i eldreomsorg, zoom fagseminar – etiske og juridiske perspektiv i samhandling frivillige i eldreomsorg, frivilligforum i Ålesund (sjuk), zoom konferanse «leve hele livet», fagdagar frivillig Møre og Romsdal på Åndalsnes, Fagkonferanse Norges Frivilligsentralar på Gardemoen.

Frivillige lag og organisasjonar: Utlån av lokalet: Fagforbundet 5, Herøy arbeidarparti 15, Herøy brass 3, Kulturskulen 2, Reumatikerforeninga 1, Personskadeforbundet 3, Senioruniversitetet 4, NFU 2, Utval næring, kultur og idrett 1, Kulturhusstyret 1, Kulturavdelinga 4, BIL handball 3, Herøy idrettsråd 1, Herøy høgre 6, Ungdomsrådet 1, Miljøagentane 3, Eigedomsavdelinga 1, UFO 5, Seksjon for rehabilitering 1, Pensjonistlaget 1.

Liste over lag og organisasjonar: Vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Tilskot og prosjektmidlar vert sendt ut tilbod fortløpande.

Frivilligprisen: Tildelast ein gong pr. år i samarbeid med Møre-trygd som støttar dette med ei pengegåve på kr 5 000,-. Juryen består av styret og dagleg leiar. Dei beslutta å gi årets pris til Marit Jordan Lyster for sitt mangeårige engasjement og frivillige arbeid med Herøy turlag, LHL si turgruppe og seniordans, velforeining ved Myrvåg omsorgssenter, trenar i «sterk og stødig», rydding av turstiar

med meir . Prisen vart delt ut ved Ordføraren og styreleiar, heime med Marit, kaffi marsipankake og Marit sine gode lefser. **Bærekraftmål nr 17**

Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse:

Internasjonal julefest i Herøy kyrkje. Den tradisjonelle julefesten vart, grunna den pågåande pandemien, ikkje gjennomført.

Bærekraftmål nr 2, 3, 5, 16 og 17.

Strikkekafè: Kvar torsdag på dagtid. Vi har hatt svært godt besøk og dette er no ein godt etablert møteplass for folk i alle aldrar. Nokre periodar med stenging grunna pandemien.

Kveldsstrikk: eit arrangement dette året, der vi hadde besøk av den lokale strikkebutikken Studio Lun.

Bærekraftmål nr 3, 4 12, 13, 16 og 17.

Mandagstreff -Møteplass for pensjonistar: Dette er ein møteplass initiert av ei gruppe godt vaksne, der formålet er å ha det sosialt og kjekt, med artige historier og vitsar. Dei organiserer sjølve servering og rydding. Det har vore ein del avlysingar grunna smitteverntiltak, og periodar med begrensingar på antal personar samla på ein stad.

Bærekraftmål nr 3, 13, 16 og 17.

Nærtur – møteplass for alle turglade: Folk som er heime på dagtid. Turen startar frå Herøy kulturhus kvar måndag kl. 11. På trass i mykje marknadsføring, med plakatar, sosiale medier og film på kommune si heimeside, var det var lite interesse for dette tilbodet, så det vart avslutta etter 5 veker.

Bærekraftmål nr 3, 13, 14, 15 og 16.

Stikk ut: Sentralen har ansvar for ein av stikk-ut- turane.

Bærekraftmål nr 3, 13, 15 og 17.

Naturmøteplassen: Etter spørsmål i frå friluftsföreninga og havlandet, var vi med å arrangere «naturmøteplass» i parken to gongar. Det var litt oppmøte, og folk kosa seg med bålkaffi og noko å bite i. Vi har ikkje lykkast i å få nok frivillige til å drive dette tilbudet vidare endå, men vi har ikkje gitt heilt opp, og håper at ein kan få til eit liknande tilbod våren 2022.

Bærekraftmål nr 3, 13, 14, 15, 16 og 17.

Fredagstrill: I samarbeid med helsestasjonen starta vi opp dette tilbodet som er ein møteplass for foreldre og barn i fødselspermisjon. Fredagstrillen blei arrangert for første gong 19.februar, og det var sett opp totalt 16 turar fram mot sommaren. Nokre av dei gjekk ut grunna verforhald og manglande oppmøte. Det var stor variasjon i oppmøte, frå to personar til elve (der av tre menn) på det meste. Utover hausten gjekk vi over til å møtast innandørs på frivilligsentralen. Enkel servering og sosialt både for foreldra og barna. Her har det også vore avlysingar grunna pandemien.

Bærekraftmål nr 3, 8, 13, 15, 16 og 17.

Verdens dagen for psykisk helse: Dagleg leiar er med i arbeidsgruppa for dette årlege tiltaket.

Grunna pandemi vart dette fordelt utover på ei heil veke med ulike aktivitetar og tiltak.

Frivilligsentralen bidrog til marknadsføring av dei ulike tiltaka, vi hadde også markeringar på strikkekafè, mandagstreff og fredagstrill denne veka. Frivillige i midtdagsombringinga delte ut overraskningspakkar, laga av lavterskel aktivitet i psykisk helse og rus. **Bærekraftmål nr 3, 13, 15, 16 og 17.**

Plukkpose: Dette er ein gjenbrukspose som er kjekk å ha med seg på tur. I denne kan ein plukke søppel i og bruke oppatt mange gongar. Midlar frå Sparebank1 i 2020, gjorde dette tiltaket muleg. Vi

har delt ut ein del posar også dette året.

Bærekraftmål nr 6, 7, 13 og 14 og 15 og 17.

Strøsand til eldre i Herøy.

Det har også dette året vorte delt ut handstrøpboksar, kjøpt inn av prosjektmidlar frå Gjensidigestiftelsen som vi fekk i 2017. Vi har delt ut, og hjelpt folk med påfyll av boksar også i år.

Bærekraftmål nr 3, 10, 11, 12, 15 og 17.

Den kulturelle spaserstokken: Dagleg leiar i Fs er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppa består av personell frå avdelingane på omsorgssentra. Etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune får vi midlar til arrangement for eldre og hjelpetrengande. Grunna mykje unytta midlar i alle kommunene i fylket, vart det ikkje lyst ut frå fylket i 2020. Det står att 28 677 ved årsskiftet, men nokre uteståande faktura frå julekonsertane.

Aktivitetar 2021:

Raud og Grøn avdeling på HOS: 23.06 «Den Glade Enke» 05.05 Tore Halvorsen (Ole Ivars) 14.12 Julekonsert med Morten Bollerud.

Eggesbøtun: 22.12 Julekonsert med Morten Bollerud.

Myrvåg sjukeheim: 23.06 «Den Glade Enke» 05.05 Tore Halvorsen (Ole Ivars) 14 20.12 Julekonsert med Morten Bollerud.

Blå avdeling: 16.12 Julekonsert med Morten Bollerud. Her vart konserten avlyst grunna stort smitteutbrot i avdelinga.

Indre Herøy pensjonistlag: Erik Bye konsert med Øyvind Granden Berg 03.11.21.

Elles har det, no i pandemien, vore brukt ein del webbasert underhaldning frå ulike artistar som har vore brukt rundt på avdelingane. Oseana Live har sendt ut tilbod om gratis konsert via stream, dette har vorte nytta ein god del rundt om på avdelingane.

Bærekraftmål nr. 1, 17

Middagsombringing: Vi køyrer ut middag i heile Herøy, i tre ulike ruter pr. dag. I tett samarbeid med omsorgsavdelinga har vi nytta denne frivillige ressursen der dei meiner at det trengst mest. 472 turar har vi hatt dette året.

Det var vorte levert ut om lag 5000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca. 46 % stilling. Dei frivillige nyttar egne bilar og får utbetalt køyregodtgjersle etter reiserekningar. Det er ei fast kjerne på 11 personar som køyrer etter oppsett turnus, og byter innbyrdes dersom dei treng det.

Tiltak i høve pandemi: frivillige hadde i ei periode ikkje høve til å gå inn i husa ved levering, brukarar som ikkje sjølve greidde å hente inn maten, her leverte heimetenesta. Smittevern har vore godt i vareteke i heile perioden, handsprit før og etter kvar levering, god avstand til brukar, ikkje handhelsing eller langt opphald inne i husa.

Brukarar må ha vedtak frå pleie- og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. Kjøkken på Herøy- og Myrvåg omsorgssenter leverer maten.

Vi har denne hausten, i samarbeid med Herøy folkebibliotek, gjeve tilbod om at brukarar kan låne og levere bøker, via frivillige i middagsbringing, nokre nyttar denne ordninga fast.

Bærekraftmål nr 1, 2, 3, 10, 13, 15 og 17.

Høyrshjelp: Likepersonar frå Høyrshjelpsforbundet kjem to gongar i månaden og gir hjelp og rådgjeving til dei som treng det. Etter eit års pause i denne tenesta fekk dei starta oppatt i mars. Dei rakk å hjelpe om lag 25 personar fordelt på 5 torsdagar før stenging i midten av mai. Dei har ikkje hatt anledning til å sette i gang tiltaket etter dette, grunna restriksjonar frå landsforbundet. Sal av batteri er også ei teneste som Frivilligsentralen yter utanom høyrshjelpa.

Bærekraftmål nr 3,13 og 17.

Tv-aksjon: Gjekk i år til PLAN sitt arbeid i mot barneekteskap.

Det var samla inn totalt 561 519,- 63,39 pr. innbyggjar, 5.plass i fylket.

Skular/barnehagar: 4 skular totalt 110 954,-

Næringsliv og organisasjonar: 57 681,- Tv-aksjonstafetten vart avlyst grunna ingen påmeldingar, rådhusløpet fekk stiv kuling og regn, på tross av dette deltok 3 frå rådhuset, vandrepokalane gjekk til Ole Magne Rotevatn.

Bøsser: 235 797,- (kontanter 156 923,- + 20 euro) Vi hadde full bøsseberardekning i Herøy.

Bærekraftsmål nr 1,2,3,4,5, 8, 13, 14, 16. og 17.

Natteravnane: Har eit eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre og andre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar, i forbindelse med ungdomsklubbane som har ope då. Dei ravnar også under festivalar, enkelte dagar i russetida, kan også reise ut av kommunen og ravne dersom det er behov for det. Vi har ravna 9 gongar og det har vore til saman 34 personar som har stilt opp å delteke inklusiv styret. Det har vore fråråding om raving frå natteravnane sentralt i perioder. Hausten 21 har vi ikkje fått starta oppatt med den ordinære ravinga grunna at vi ikkje har lykkast i å få tilsendt klasselister frå dei to største ungdomskulane.

Bærekraftsmål nr 3, 5, 10, 13, 15, 16 og 17.

BUA: Monica Torvik Stokset, vikar, starta tidleg på året, arbeidet med BUA Herøy.

Lokalet, trimromet/stollageret i 1.etasje på kulturhuset, er peika ut som det mest eigna lokalet.

Saka har vore oppe i styret for kulturhuset, dei er positive til tiltaket, men dei vil ikkje gi det unntak for husleige. Saka vart vidare handsama i komite` for næring, kultur og idrett, vidare til formannskapet og kommunestyret.

K- 79/21 Vedtak: Herøy kommune etablerer BUA utlånssentral på Herøy kulthus, organisert under kulturavdelinga. Prosjektplanen skildrar detaljar og budsjett m.m. Oppstart 1. november med istandsetjing og søknader, med forventa opningsdato 3. januar 2022 for publikum.

Kommunale driftskostnader frå 01.11.2021 er skisserte i prosjektplanen: medlemsskap BUA, stilling med storleik ca. 20%, samt eventuell internhusleige til Herøy kulturhus.

Vidare vart det sendt inn søknad til Gjensidigestiftelsen i oktober, positivt svar der og vi fekk tildelt heile søknadsummen på 445 325,- til innkjøp av inventar og utstyr.

I desember vert det utlyst ei stilling i kultur – og oppvekstavdelinga, 50 % betre tverrfagleg samhandling, til beste for barn og unge i Herøy. Som kan kombinerast med ei 20 % stilling knytt til BUA.

Vidare er det søkt BUFDIR om midlar til ein del utstyr og inventar, samt ei 20% stilling knytt til BUA. Dette er eit 3-årig prosjekt. Svaret på denne søknaden er venta i april 2022.

Lokalet: i forbindelse med rehabilitering av fasaden på kulturhuset, skal det settast inn dør til biblioteket og til BUA, på framsida av huset. Planen er å lage ei «miljøgate» utan unødig trafikk.

Her kan det settast i stand eit område for møteplass.

Medlemskap i BUA inkluderar bruk av profileringa deira, digitalt utlånssystem, lokal heimeside der ein ser kva utstyr som er tilgjengeleg. Ein får opplæring, support og statestikk m.m.

Bærekraftsmål 1, 9, 12, 13, 15 og 17.

Samarbeidspartar:

*Frivillige lag og organisasjonar.

*Kommunikasjonsavdelinga.

*Kulturavdelinga.

*Nettverk søre Sunnmøre.

- *Herøy kyrkje.
- *Herøy frikyrkje.
- *Natteravnane: Politiet, fritidsklubben, FAU, Ytre Herøy ungdomskule, Stokkesund skule, Møre barne- og ungdomsskule.
- *Pleie- og omsorgsavdelinga.
- *Kvalifiseringssenteret og flyktningtenesta.
- *Ungdomsrådet
- *Eldrerådet.
- *Helsestasjonen.
- *Avdeling for psykisk helse og rus.
- *Folkehelsekoordinatoren.

Stenging grunna pandemien:

01.01.21 – 25.01.21

24.03.21 – 16.04.21


Vi har også i perioder måtte avlyse arrangement grunna mykje smitte i kommunen.

Sentralen har også hatt stengt i to veker grunna betongsaging i underetasjen.

Marknadsføring: Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler. Servicetorget, facebook, instagram, snap chat, heimeside, plakatar, oppslag, flyers, e-post, SMS og omtale frå fornøgde brukarar.

Utfordringar/prioriteringar 2022: Arbeide med å vere dynamiske i høve den pågåande pandemien, som vi må ta omsyn til også dette året. Arbeide vidare med gode samarbeidspartar, marknadsføring, vere opne for nye tiltak og tilskotsordningar. Arbeid med HMS på arbeidsplassen. Vi ynskjer å aktivt bruke FN's bærekraftsmål som vegleiar for drifta. Vi skal tenke bærekraft i alle ledd og vise publikum, deltakarar og samarbeidspartnarar at vi tek klimakrisa på alvor. Vi skal auke kompetansen på klimabaserte løysingar, slik at vi kan lage best mulege arrangement og tiltak, med minst muleg utslepp.

Fosnavåg 25.01.2022



-Sigurd Nygard-



-Britt Paulsen-

